

Bygningar på museum – Vern – bruk – tilpassing?

Ein museumsbygning skifter tid

Kari-Bjørg Vold Halvorsen

Norsk Folkemuseum

kari.vold.halvorsen@norskfolkemuseum.no

Abstract

This article discusses the reinterpretation of buildings preserved at museums. The issue arises out of an actual case: A building that was originally reconstructed at Norsk Folkemuseum in order to represent the early 19th century is about to be turned into a representation of the 1950s. This transformation means that the building has to be exposed to certain physical changes, which in turn raises several questions.

One crucial point is the relation between two of the main aims of a museum: The preservation of historical buildings on the one hand, and the need to communicate new meanings on the other. When a museum building is represented in a way that no longer works according to its original purpose, and the need to present new and topical questions arises, these two aims may come into conflict with each other. A reinterpretation of the museum building makes it possible to present topics and stories of current interest, but in order to emphasize the message the building has to be physically adapted to a new historical context. In that case, an essential question will be how to balance preservation against adaption. In the article it is argued that preservation criteria ought to be decisive when evaluating the extent of physical changes that a museum building should be exposed to.

Keywords:

*Open air museums,
museum buildings,
preservation principles,
dissemination,
reinterpretation,
adaption*

I tida som har gått sidan friluftsmuseas barndom i Norden, omkring førre hundre-årsskifte, har prinsippa for gjenreising av bygningar og innreiking av heimar på museum endra seg. Museumsideologi og utstillingspråk har veksla, og synet på balansen mellom vern, bruk og tilpassing av museumsbygningar likeeins. Etter at bygningar kom på museum fekk nokre ein tilleggfunksjon ut over det å ta vare på og

visa byggeskikk. Ein del museumsbygningar vart nytta som utstillingslokale for museumsgjenstandar, noko som serleg førekom i tidlege museumsår, gjerne i ein overgangperiode før museet bygde eigen utstillingsbygning. I andre fall har museumsbygningar vorte brukt til servering eller samkomer, samstundes som dei skulle formidla ein stad- og tidfesta bolk av kulturhistoria. Dei fleste bygningane som

musea samla inn vart likevel innreia berre etter sine eigenlege funksjonar, for å formidla byggeskikk og buskikk. I lang tid var det serleg to innreiings- og formidlingsprinsipp som rådde. Dei to prinsippa var mest motpolar; det eine idealet var velfylte interiør, dramatiserte i tablå med figurar i folkedrakter, og det andre var meir strikt vitskapleg, nøkternt innreia interiør utan dramatiseringseffektar (Bing 2004, Hegard 1984 m.fl.). Grunnleggaren av Norsk Folkemuseum, Hans Aall, utforma det sistnemnde innreiingsprinsippet, og gjennomførte det i friluftsmuseet der.

Friluftsmusea har ei forhistorie med ulike metodar for dokumentasjon og formidling av museumsbygningar og museums”heimar”. Men eventuelle diskusjonar knytte til gjenreisingsprosess, tilpassing og innreiing har i liten grad nedfelt seg i faglitteraturen. I museas drøftingar i tilsvarande saker i dag kan dette vera eit sagn. Såleis også under eit pågåande førearbeid til ominnreiing av ein museumsbygning på Norsk Folkemuseum, ein tidlegare museumsskapt ”heim”. Der står vi som arbeider med prosjektet stendig framfor ulike løysingar som må takast stilling til, og kjenner behovet for å vita kva museet gjorde med bygningen ved gjenreisinga, og kvifor. Denne situasjonen tydeleggjer det viktige i å ha opne diskusjonar ved nytolking av museumsbygningar, gjera bevisste og grunngevrne val, og festa det på papiret for ettertida. Ein sentral problemstilling i den samanheng, som eg vil ta føre meg i det fylgjande, er forholdet mellom to av museas hovudoppgåver i samband med bygningar på museum, *vern* og *formidling*. Det vil ofte vera eit motsetningsforhold mellom behovet for *formidling* av ein bygning og krava til *vern* av den same bygningen. Korleis kan museet finna ei jamvekt mellom omsynet til *vern* av ein bygning og tilpassing av bygningen for *formidlinga* si skuld?

Ein museumsbygning skifter tid

Problemstillinga er aktualisert i samband med den ovannemnde ominnreiinga av ein museumsbygning på Norsk Folkemuseum, som er eit ledd i ei oppdatering av Trøndelagstunet til ein 1950-talssituasjon. Det er planlagt at hovudbygningen, låna, skal førast fram til 1950-åra. Så langt råd er skal bygningen innreiaast og møblerast slik ein heim i ei gamal trønderlån på ein gard kunne ha vore i den tida. Målet er at låna skal verta eit eksempel på 1950-talets buskikk på gardsbruk i Nord-Trøndelag. Museet ynskjer å lyfta fram dette spesielle tiåret, på bakgrunn av at det var ein periode med store omskifte på mange område. Det var ei tid med ny teknologi, som igjen førde med seg endringar i arbeids- og driftsmetodar, og nye impulsar som påverka folks daglegliv bana seg veg inn i bygdene. Dette ”hamskiftet” vil museet gjera tydeleg gjennom formidlinga i og omkring gardshusa frå Trøndelag.

Nemninga *lån*, som vert brukt om dei lange, toetasjes våningshusa i Trøndelag og omkringliggande distrikt, skriv seg truleg frå gamalnorsk *lon*, som m.a. tyder husrekke (Heggstad:1930:439). Desse bygningane er, om ikkje akkurat husrekker, så er dei dels rekke av samanbygde enkelthus, dels rekke av rom som ligg etter kvarandre i lengeretninga. Ivar Aasen viser at nemninga lån (”Laan”) hadde fleire tydingar i hans tid, mellom anna tydinga ein særleg type våningshus: ”Hovedbygning, Vaaningshuus med flere Værelser og mere end een Etage”. Han seier vidare at nemninga er vanleg i Nordre Bergenhus’, Trondhjems og Nordlands amt, og er ”I disse Egne en stadig og uundværlig Benævnelser” (Aasen 1918:430).

I teksten som fylgjer vert det nytta nokre begrep som har samanheng med kvarandre, men som har ulik meining; begrepa *heim*, *buskikk* og *innreiing*.

Begrepet *heim* har av fleire vorte drøfta serleg i høve til bustad, der *heim* blir definert som staden for familie- og privatliv, med det emosjonelle og personlege i fokus, medan bustad står for det materielle; den fysiske ramma for heimen. Bustaden er ein teknisk konstruksjon – bygning, leilegheit – er knytt til økonomi, og inngår i eit offentleg system. Heimen blir skapt av menneska som bur der, og er arena for relasjonar mellom menneske, mellom menneske og tinga i heimen, mellom hendingar og opplevingar og minne (Ambjörnsson 1986, Bing 2004, Swensen 1998, Thörn 1986, Wefald Pedersen 1998 m.fl.). *Innreiing* er eit meir utvitydig begrep, truleg er det difor det ikkje går igjen i faglege drøftingar. Så vel i leksika som i daglegtale tyder *innreiing* innbu, husinventar og møblar som høyrer til i ein heim, og verbet *innreia* uttrykker sjølve handlinga: det å innreia. Ein trong definisjon av det å *innreia* ein bustad er å utstyra han med innbu, møblera bustaden. Men *innreiinga* går ut over dette konkrete aspektet. Eg ser det slik at å *innreia* ein bustad er å skapa ein heim, avdi kjensler, personlegdom, livssituasjon og livsstil fargar *innreiinga*, og er med på å gje den fysiske *innreiinga* eit emosjonelt meiningsinnhald. Begrepet *buskikk* har vore nytta av ein del etnologar i dei seinare tiåra. Mi forståing av *buskikk* går på korleis folk innreier og brukar heimen sin, på ein bakgrunn av kollektive normer, og omfattar så vel den konkrete heiminnreiinga som normer og skikkar som set rammer for *innreiinga* (Halvorsen1998). Skikkar er overførde over tid, og verkar normerande for personlege val og åtferd. *Buskikk*, slik eg brukar begrepet, femner såleis både *bustad* og *heim*, og likeeins *innreiing* så vel i statisk som i dynamisk tyding – i symbiose med kollektive skikkar.

Låna som vart museumsbygning – Historia på museet

Låna på Norsk Folkemuseum kjem frå garden Stiklestad vestre i Verdal, Nord-Trøndelag, og skal vera bygd heilt sist på 1700-talet. Garden var då i bondeeiige, men gjekk i året 1800 over til ein offisersfamilie. I fleire generasjonar var garden i same slekta, der alle eigarane var høgre offiserar, inn-til han vart prestegard i 1894, som han var fram til låna kom til museet i 1920. Låna vart sett opp i Friluftsmuseet, på eit område som var avsett for eit ”Trøndelagstun”. Der hadde museet tidlegare gjenreist ei stove frå ein husmannsplass i Oppdal.¹ For å bygga ut Trøndelagstunet skaffa museet seg i 1920-åra to våningshus frå Trøndelag: Hovudbygningen frå Stiklestad og eit bustadhus frå Hovde på Ørlandet. Stiklestadbygningen er ei toetasjes trønderlån, og huset frå Hovde er i ein etasje. Inntaket av desse to bygningane var i samsvar med museets målsetjing for ”Landsbygda” i Friluftsmuseet den gongen. Gjennom eit utval av bygningstypar innsamla frå ulike landsdelar var intensjonen å visa eldre norsk byggeskikk. I Norsk Folkemuseums 25-årsberetning blir linjene for alle sider av museets verksemd trekte opp. For Friluftsmuseets del heiter det:

- I. Friluftsmuseet: a) Landsbygden. Samling av hovedtypene i landsens bygningsskikk, sett fra et videnskapelig standpunkt og uten at der tas sikte på de populært sett beste eksemplarer som har sin særlige betydning for bygdene. b) Gamlebyen, hvor der bevares verdifulle gamle byhus, som i utviklingens medfør må falle (Aall 1920:25).

Her går det tydeleg fram at det var byggeskikken frå gamalt på bygdene som skulle takast vare på og formidlast på Norsk

Folkemuseum. For byane sin del vart det ikkje lagt opp til noka systematisk innsamling, men museet hadde som siktemål å ta vare på ”verdifulle” bygningar som stod i fare for å verta borte.

I utgangspunktet var kriteria for oppretting av Norsk Folkemuseum bevaring av mellom anna ”vore Fædres Bygnings-skikke” og innsamling ”fra de forskjellige Bygder karakteristiske, ældre bygningar med livfulde, saa nær som mulig til Virkeligheden liggende Interiører.”² Med denne innstillinga til bygningars verneverdi, førde Norsk Folkemuseum vidare grunntanken bak Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkens Bevaring (stifta 1845). Foreininga la i sine undersøkingar og dokumentasjon av bygningar vekt på at desse skulle representera eldre, nedverd byggeskikk, i årsmeldinga for 1845 karakterisert som ”... gamle og i Formen mærkelige (*egenartetede, interessante*) Husebygninger, baade Vaaningshuse og Stabure med deres Forziringer og Indskrifter; – Levninger af gamle Bygningar, der kunde give Oplysning om Bygningskunstens Standpunkt i Middelalderen ...” (Hegard 1984). Frå hundreårsskiftet vart tidsperspektivet for verneverdige bygningar flytta framover til også å omfatta bygningar bygd i etterreformatork tid, serleg 16- og 1700-talet (Ågotnes m.fl). Som Norsk Folkemuseum samla også dei andre tidlege friluftsmusea inn bygningar etter same prinsippa som Fortidsminneforeningen. I *Romantikk og fortidsvern – Historien om de første friluftsmuseene i Norge* (1984) gjer Hegard greie for korleis fleire av dei eldste friluftsmusea i sine første tiår rådførde seg med Fortidsminneforeningen i samband med kjøp og flytting av gamle bygningar til musea. Grunnlaget som friluftsmusea i denne perioden baserte bygningsinnsamlinga på, var Fortidsminneforeningens

arbeid med eldre byggeskikk, saman med Eilert Sundts avhandling frå 1861: *Om Bygnings-Skikken på Landet i Norge*. Museas innsamling av bygningar i denne perioden verka som ei avlasting for Fortidsminneforeningen, som ikkje hadde kapasitet til å ta vare på alle gamle ”Husebygninger” innafor ansvarsområdet sitt.

På denne bakgrunnen, der Fortidsminneforeningen og friluftsmusea både i ord og gjerning dreiv ein ”redningsaksjon” for gamle bygningar, var det naturleg at musea ville visa bygningane i sin opphavleg skapnad, utan seinare påbygg og endringar. Såleis var tilbakeføring til tida omkring byggeåret, eller til eit anna tidlig stadium i bygningens levetid, eit nærast einerådande prinsipp for gjenreising og innreiing av gamle bygningar på museum. Det var det opphavlege ved bygningen, eller eit anna viktig stadium i bygningens byggeskikkhistorie, som i det store og heile var utgangspunktet for både innsamling og gjenreising på musea. For å vera aktuell som museumsbygning, skulle bygningen helst vera minst mogeleg prega av endringar, og ha viktige og karakteristiske deler intakte. Men sidan svært få gamle bygningar sto heilt utan seinare endringar før dei kom på museum, og endå færre slike vart det etter som tida gjekk, måtte dei fleste bygningane gjennomgå ulike grader av tilbakeføring. For ein stor del vart dette tilbakeprinsippet fylgt fram til omkring midten av 1900-talet. I samsvar med at den ”gamle” byggeskikken frå førindustriell tid ikkje lenger var det nær einerådande kriteriet for inntak til musea, vaks det fram nye tankar om å visa meir autentiske miljø, og gjerne bygningen slik han var når museet overtok han (Bing 2004, Hosar 1998, Kirk 1998 m.fl.). Framover mot dagen i dag ser ein at nye utstillingar av museumsheimar like gjerne som å visa eldre tidsperiodar, viser både

samtid og nær fortid, så vel i konstruert som i rekonstruert form.

Låna frå Stiklestad kom til å bli sterkt prega av tilbakeføringsprinsippet. Omtrent alt av overflatebehandling og innreiing tilkome etter byrjinga av 1800-talet vart fjerna før gjenreisinga. Dessutan vart heller ikkje *heile* bygningen teken med til museet. Eit tilbygg i lengderetninga frå omkring 1865, som inneheldt stove, kjøkken, gang og eigen inngang, vart skilt frå ved flyttinga og selt til ein bonde i bygda. Trass i at påbygging på denne måten er eit typisk eksempel på utviklinga av trønderlånene gjennom 1800-talet, valde våre forgjengarar bort denne delen av bygningen. Avgjerda er kort omtala i notat og korrespondanse i museets bygningsarkiv, og likeins i årsmeldingar:

Stiklestad prestegård er en stor toetasjes bygning, ca. 33 m. lang og litt over 7 m. bred. Den store lengde kommer av, at bygningen i 1860-årene blev forlenget. Et helt hus, 11 m. langt, settes inn. Denne nye del vil ikke bli bygget opp igjen på museet. Når den er borte, får man nemlig tilbake et meget karakteristisk hus som gir et godt billede av vanlig bygningsskikk i Verdal og vel også i tilstøtende distrikter, slik vi kjenner husene der fra siste halvdel av 1700-årene og utover (Norsk Folkemuseum Aarsberetning 1920-21:9).

Museet hadde tilsynelatande ingen motførestillingar til avgjerda den gongen. I dag, derimot, ville vi på museet ikkje ha gått inn for den type inngrep i bygningen. Både då og no ville inngrep for tilpassing av bygningar på museum verta sett i høve til både vern og formidling. Den gongen ville det verta vurdert kva ved bygningen som var verd å verna, og likeins kva bygningen skulle for-

midla, som det også ville gjerast i dag. Men konklusjonane etter slike vurderingar i to skilde tidsbolkar ville verta ulike. Kvar tid har sine prinsipp og vurderingar, og ein vesentleg skilnad er at ein i vår tid i langt mindre grad enn før ser på eitt og same innreiingsprinsipp som det einaste rette. I 1920 valde Norsk Folkemuseum, i tråd med rådande prinsipp, å ta vare på og visa berre den eldste delen av Stiklestadlåna. Denne delen svarar til ein bygningstype som var vanleg i trønderbygdene i tida mellom slutten av 1700-talet og midten av 1800-åra. Det var byggeskikken frå denne tidlege tidsperioden, med den tenkte "urtypen" av trønderlåna, som museet ynskte å dokumentera. Omkring 1850 tok nemleg trønderlånene på gardane for alvor til å veksa i lengda, ved påbyggingar, eller ved at nybygde låner fekk tilsvarende storleik. Med Hovdehuset, der eldste delen går tilbake til om lag 1700, viste museet likevel eit våningshus bygd i to periodar, her vart både den eldste og den seinare delen gjenreist. Bakgrunnen for dette syner seg å vera at ved overtakinga av huset var påbygget rekna å gå tilbake til omlag 1800, og med eit så pass tidleg opphav såg museet huset som tilstrekkeleg alderdommeleg og såleis "museumsverdig". Hovdehuset vart innkjøpt til museet fordi det var "... en gammel bygning. Efter sigende den eldste i bygden. (...) Den eldste del av huset skriver seg antagelig fra tiden omkring 1700, og først et hundre år efter har utvidelsen funnet sted" (Norsk Folkemuseum Aarsberetning 1926-27:17). Interessant er det då at fleire år seinare kom museet fram til at den siste påbygginga vart gjort så seint som rundt 1850, altså eigenleg berre vel eit tiår tidlegare enn påbygget på låna frå Stiklestad, – men då var huset sidan lenge trygt plassert i Friluftsmuseet.

Første høgda i Stiklestadlåna sto ferdig innreia i 1930, med møblar og anna innbu

typisk for området, det meste innsamla frå Verdal og andre bygder i Trøndelag. Den nøkterne innreiinga viste buskikk frå eit litt upresist tidleg 1800-tal. Romma i andre høgda i låna fekk ikkje møblering, det var det truleg ikkje kapasitet til den gongen. Men trass i at heile første høgda vart innreia har Stiklestadlåna vore lite nytta i formidlingsopplegg på museet. På mange måtar kunne dei to trønderhusa etter kvart liknast med to ”attergløymer”, og vart der-til i mange år verande åleine på museet om å representera eit gardsbruk frå Trøndelag. Først mot slutten av 1990-talet kom arbeidet med å fullføra det påbyrja Trøndelagstunet for alvor i gang igjen. I første omgang vart det bestemt å skaffa museet ein driftsbygning frå Trøndelag. No var ynsket å setja opp eit eksemplar av den karakteristiske store, raude låven, driftsbygningen med rom for alle funksjonar i gardsdrifta, som er ein viktig del av landbruks-historia på 1900-talet, i Trøndelag så vel som i landet elles. Det vart planlagt at ein slik låve skulle innreiast med føremålet å kunna brukast til formidling av 1950-talets landbruk. I 2000 hadde museet fått ein høvande driftsbygning frå Nord-Trøndelag, og flytting og oppføring tok til. Låven er ferdigstilt utvendig, og framstår i dag som 1950-tals, og med spor av bygningshistoria frå vel femti års bruk. Eit bur (stabbur) frå distriktet er også kome opp, og saman dannar no bygningane ein open firkant, som eit typisk trøndersk gardstun.

Konstruksjon av ein 1950-talsheim i den gamle Stiklestadlåna

Førebels formidlar tunet ein forvirrande situasjon, med låven som viser ei nær fortid, og dei andre bygningane ei fjern fortid. Men siktemålet er å gje gardstunet som heilskap den same tidskoloritten. I den

samanhengen vil museumsheimen Stiklestadlåna koma til å måtta gjennomgå store endringar enno ein gong. Først vart låna utsett for omfattande omarbeiding då ho i si tid vart flytt til Norsk Folkemuseum og oppsett der. Ved hjelp av resultatane frå spørjelister og andre undersøkingar leita museumsfolka seg den gongen tilbake til byrjinga av 1800-talet, og sette opp igjen huset med grunnlag i det. No skal låna først fram i tid – heile 150 år – til 1950-talet. Dette er eit tiår som faktisk ligg meir enn tretti år *etter* at denne låna vart fråflytta og kom på museum. Stiklestadlåna var så avgjort ikkje ein ”levande” heim i Trøndelag på 1950-talet. Låna var tvert imot ein museumsbygning med ein konstruert og stivna 1800-talsheim, og kan såleis ikkje gje det minste spor av kjeldemateriale til dette tiåret i det heile, og heller ikkje til dei tre føregåande tiåra. Med unntak av dei faste installasjonane finst det ikkje dokumentasjon på innreiinga slik ho var rett før flyttinga, og heller ikkje på tidlegare tidsperiodar. Sjølve bygningen er dokumentert ved oppmålingar av konstruksjonar med detaljar og dekorative element, og omtale av materiale og tilstand. Kunnskap om innreiinga må såleis hentast frå andre låner i området, og overførast på Norsk Folkemuseums lån. Vi som arbeider med Stiklestadlåna no, må også leita oss tilbake til ei tid som er forbi, men som denne gongen rett nok er i manns minne og dertil godt dokumentert.

For å få eit godt grunnlag for omminnreingsarbeidet i låna frå Stiklestad er det lagt vekt på å skaffa best mogeleg kunnskap om innreiing og buskikk i Nord-Trøndelag på 1950-talet, med Verdal og nabodistrikta som kjerneområde. I samband med dette har det vore naudsynt for ein stor del å basera seg på initiert dokumentasjon. Det har vore utført feltarbeid med intervju og

fotodokumentasjon, med hovudfokus på innbu, møbleringsstruktur, rombruk og materialbruk. Vidare har eg utarbeidd spørjeliste med same tema, i samarbeid med Norsk Etnologisk Gransking, som distribuerte lista til sine medarbeidarar i Trøndelagsfylka.³ I tillegg søker eg opp fotografi frå den aktuelle tida, og går gjennom relevant faglitteratur, lokalhistoriske skrifter, aviser og vekepresse.

Undersøkingane hittil har gjeve eit fylldig materiale, godt egna som rettleiing for innreiinga av Stiklestadlåna. Materialet vert nytta som underlag for val av materialar og fargar til romma, av gjenstandar til innreiinga, og likeins for val av møbleringsstruktur. Vidare gjev materialet grunnlag for å flytta enkelte funksjonar til andre rom. Gjennom trønderlånas historie har bruken av somme rom skifta; serleg er dette gjennomgåande når det gjeld funksjonar knytte til kjøkken og til soveplassar, noko som går fram både av mitt initierte materiale og av faglitteratur (Dahle et al. 2005, Selseth 1994, Thorsen 1994).

Utstillingsmetode – innreiing

1800-talsinnreiinga i Stiklestadlåna på Norsk Folkemuseum fylgjer Hans Aalls innreiingsprinsipp, som han skildrar i museets 25-årsberetning:

Som interiører bruker vi bare de helt ekte. Så vel i disse som i de gamle bygninga, blir bare satt inn møbler og ting, som enten har hørt til der før eller kan tenkes å erstatte det gamle utstyr. Ikke mer og ikke mindre. Vi tilsikter dog aldri nogen illusjon. Jo lenger man søker hen mot denne, desto sterkere føler publikum det uvirkelige i ethvert museum. Langt bedre er det da å holde interiørene litt virkelighetsfjerne,

omtrent som avlåste stuer i et gammelt hus. De setter alltid vår fantasi i sving, så vi selv søker å danne oss bilder av det virkelighetens liv, som har pulsert der før (Aall 1920).

Aalls tanke om at litt ”virkelighetsfjerne” interiør alltid set ”vår fantasi i sving” har for mange sikkert verka slik den gongen. Avstanden i tid til museumsinteriøret var kortare, og såleis lettare gjenkjenneleg. Publikums fantasi var dessutan kanskje enklare å røra ved enn i dag, sidan folk den gongen ikkje var overföra med visuelle inntrykk frå alle kantar. Annleis er det no – med den gamle museumsinnreiinga i Stiklestadlåna rekk ikkje fantasi åleine til for retteleg å forstå og sansa korleis livet mellom veggene kan ha vore, det trengst også kunnskap, og det trengst nye grep i formidlinga. Møblane og tinga i interiøret er både ”ekte” og riktig ut frå si tid, og frå stad og sosialt tilhøyre. Men den nøkterne og sparsame innreiinga har eit alt for fjernt uttrykk til utan vidare å kunna gje ei fullgod formidling av ein heim og buskikken der.

I seinare tiår har det vorte aukande fokus på det viktige for musea i å nå fram til publikum, og interiør og innreiingar i museumsbygningar har vorte formidla ved hjelp av nye grep. ”Gjennom friluftsmuseenes drøye hundre års historie har grepene for innredningen skiftet, fra Hazelius’ og Sandviks *teatraliske* iscenesettelser, til Aalls stiliserte *viten-skapeligggjøring* fram til de senere års krav til realisme”, seier etnologen Morten Bing. I artikkelen ”Hjem” på museum – Refleksjon rundt innredninger i et friluftsmuseum, gjev Bing ei grundig utgreiing om innreiingsprinsippa i friluftsmusea frå dei første år fram til i dag (Bing 2004). Innreiingsmetodane fordeler seg grovt sett i to hovudretningar; den eine der mest mogeleg autentisitet er idealet, og den andre med utgangspunkt i pro-

blemstillingar og forteljingar som skal tydeleggjerast gjennom innreiing og formidling. Bak alle metodane har det for det aller meste vore ein intensjon om realisme. Realistiske interiør i museumsbygningar har i fleire tiår vore normen for innreiing i friluftsmusea. Realisme i denne samanheng vil seia heimutstillingar som er mest mogeleg ”riktige” i høve til tilsvarande heimar i det verkelege livet. Rekonstruerte autentiske heimar på museum vil naturleg nok verta realistiske, men også konstruerte heimutstillingar basert på problemstillingar kan få eit realistisk uttrykk, om enn det er ei krevjande øving.

Innreiingsmetode bør veljast ut frå kva som er mest til gagn for det enkelte innreiingsprosjekt. I tilfellet Stiklestadlåna er det nokre ellers gode metodar som utelet seg sjølve, fordi bygningen vart fråflytta for så lang tid tilbake som over 90 år, og nesten like lenge har vore på museum i ei svært arkaisk utgåve av seg sjølv. Rekonstruksjon og autentisitet er uråd å oppnå. 1950-talsinnreiinga i låna frå Stiklestad kan berre verta ein konstruksjon. Realisme er valt som leiande prinsipp for innreiinga, og ei problematisert forteljing skal liggja i botnen og gje underlag for formidlinga. Innreiinga skal serleg bygga på buskikk frå Verdal, der låna kjem frå, men samtidig kunna formidla den generelle buskikken i fylket. Som ei forsterking av det realistiske aspektet vil ”heimen” Stiklestadlåna og tunet verta ”frose” til eit bestemt år. For å få med utviklinga og dei viktige nyhende som skjedde i tiåret mellom 1950 og 1960, og kunna visa det i formidlinga, vil både heimen og tunsituasjonen verta tidfesta til heilt sist på femtitalet. Såleis er det naturleg å velja siste året av tiåret, 1959.

Det å ”frysa” ei innreiing – ei museumsutstilling – til eitt tidspunkt, og samtidig unngå inntrykket av stillstand og livlaust interiør, er i seg sjølv ei utfordring.

Ein heim der menneske bur, lever og samhandlar, er noko mykje meir enn ei heimutstilling på eit museum. ”... er det mulig å vise eksempler på hjem gjennom innredningen ut fra det vi nå har skildret?” spør etnologen Tove Wefald Pedersen, etter ei skildring av *heim* som eit begrep,

som forteller om det forholdet menneskene har til boligen og gjenstandene sine i form av individuelle vurderinger og erfaringer. (...) I museet blir innredningene frosset på et gitt tidspunkt, og menneskene som har brukt gjenstandene vil ikke lenger være tilstede. På den måten kan ikke husene vise hjem i den forstand vi har beskrevet ovenfor. Å vise hjem på museum er noe annet enn levende hjem. De vil være innredninger basert på hjemmene og familiene som museet har dokumentert gjennom intervjuer og fotografier (Pedersen 1998).

I museumskreisar er ein bevisste på dette dilemma, og veit at trass i alle mogelege aktivitetar og ”levandegjering” i museums-husa, så vil museumsheimen vera berre som eit bilete av ein levande heim. Men dette biletet kan likevel gje ei forståing for og oppleving av korleis ein tilsvarande levande heim og livet der kan ha vore. Ei problematisert innreiing og formidlingsopplegg vil vera ein reiskap for å oppnå at museumsheimen kan skapa slik forståing.

Når det gjeld Stiklestadlåna er intensjonen bak ei så avgrensa og klar tidfesting dessutan å gjera det mogeleg å nytta gjenstandar med svært presise og nøyaktige dateringar. For å greia å formidla kjensla av å vera i eit bestemt år, og samstundes kunna visa noko av endring og utvikling gjennom dei føregåande åra, må både forteljing og innreiing leggast opp til det. Romma i museumsheimen må innreiast slik at spor

av fortida er til stades, i innbu, og i overfla-
tebehandling av tak og vegger, slik det også
er i ein verkeleg heim. Dette aspektet vert
lagt vekt på i heimutstillingar i mange
museum i dag. I ein artikkel om 1900-tals-
bustadane på Maihaugen heiter det:

Samtidig som det er et ønske å gi
museumshjemma et mest mulig
autentisk preg, er det et ønske å få for-
midlet de utviklingstendenser som fan-
tes i tiden. På 1900-tallet har utvikling-
en av tekniske hjelpemidler i hjemmet
gått raskt, og 1900-tallssamlingen gir
mulighet for å vise utvikling for en del
hjelpemidler” (Hosar 1998).

Utviklinga av tekniske hjelpemiddel og
andre nyvinningar er ein ting, like viktig er
det å visa dei ofte små endringar som kjem
til i ein heim over tid. Forutan å understreka
realismen i innreiinga, vil eit slik utsnitt av ei
samtid med fortida i seg også medverka til å
forsterka formidlingsverdien av gardstunet.

Formidlinga i Stiklestadlåna skal ha
utgangspunkt i ei konstruert forteljing.
Forteljinga vil konkretisera livet i heimen
og på garden, og formidlinga skal knytast
til menneska og deira gjeremål. Med ei for-
teljing som utgangspunkt kan det setjast
fokus på ulike situasjonar og handlingar i
heimen og inne og ute på garden elles. Med
basis i dette skal det utarbeidast ulike for-
midlingsopplegg tilpassa museets målgrup-
per, der det vert lagt serleg vekt på barn og
unge. Ved innreiinga av låna er det viktig å
vera bevisst på at ein heim i det verkelege

Frå ei kjøkkenutstilling i Trondheim i 1955.

*Eit langt sprang frå 1800-talskjøkkenet i
Stiklestadlåna. Litt vel moderne for eit gard-
skjøkken på femtitalet, men noko liknande
kunne også bondekona drøyma om.*

Foto: Sverresborg Trøndelag Folkemuseum



*Over: Ein gløtt inn i kjøkkenet i Stiklestadlåna, slik det vart innreia for å repre-
sentera tidleg 1800-tal, med den store peisen som dominerande innslag.*

Foto: Norsk Folkemuseum



livet alltid vil vera farga av bebruarane sin livssituasjon og alder. Ein heim vert ikkje skapt og ferdig på ein gong, men vil vera gjenstand for større og mindre endringar gjennom heile si levetid. Yngre menneske tek lettare opp nye impulsar og nye ting enn eldre, og ein yngre heim vil difor oftast spegla meir av si samtid enn ein eldre heim vil gjera. Fylgjeleg skal familien i den konstruerte forteljinga vera etablerte, slik at dei har fått skaffa seg det viktigaste av innreiing, men samtidig så unge at det er sannsynleg at dei ville velja det som er moderne når dei skal skaffa noko til heimen. I familien skal det vera barn i ulik alder, for å kunna formidla korleis det var å vera barn på bygdene på femtitalet. Kårfolka skal også ha plass i forteljinga, og likeeins tenestefolk.

Ved ominnreiinga er intensjonen at dei bygningstekniske arbeida skal utførast på ein skånsam måte i høve til bygningen. Men det er ikkje til å koma forbi at di meir riktig i høve til tidsperioden resultatet skal bli, di fleire endringar og tilføyingar vil det måtta gjerast i bygningen. For å kunna formidla eit realistisk femtital, og gje eit truverdig bilete av ein heim anno 1959, må låna skifta ham innvendig. Siktemålet er likevel at bygningen ikkje skal utsetjast for øydeleggande inngrep. Utvendig er det tenkt mindre endringar som ikkje skiplar bygningens karakter, men som vil gje han ein utsjånad i tråd med det som var vanleg på femtitalet. Truleg vil det største inngrepet verta innsetjing av ei ny dør, kjøkkeninngang, til den nye kjøkkengangen. Det burde dessutan vurderast å måla bygningen kvit, som var langt vanlegare på 1950-talet enn 1800-tals okerfargen som låna har no. Ein spennande tanke er elles om ein kunne gå så langt som å skifta ut rokokkvindaugo med funkisvindaugo i romma som skal bli kjøkken, daglegstove og daglegkam-

mers. Desse romma skal ha femti- og dels førtitalsklednad på golv, vegger og tak; og i det verkelege livet den tida ville det ha vore nærliggande å skifta vindaugo samtidig med oppussing av romma. I alle arbeida skal det leggest vekt på prosessuell autentisitet⁴; det vil seia at handverkarane brukar teknikkar, verktøy, tilverkningsmåtar og materiale som samsvarar med den tidsbolken det enkelte arbeid gjeld. Konstruksjonen av heimen, med det bygningstekniske arbeidet, materialar, fargar og innreiing, skal kunna etterprøvast mot dokumentasjonsmaterialet som er innhenta.

Museumsheim og museumsbygning – Vern – bruk – tilpassing?

Den gamle museumsheimen i Stiklestadlåna er ei heimutstilling som er tufta på ei anna tid sine vurderingar, og som er ein del av museumshistoria. I ettertid er det, i dette tilfellet som elles, lett å sjå kor vidt utstillingsgrepa har vore vellukka eller ikkje. I ettertid vil det alltid vera enklare å sjå mogelege manglar ved tidlegare tiders metodar og måtar å løysa oppgåver på. Også våre val i dag vil ligga opne for vurdering og kritiske blikk i framtida, ei framtid som vil vurdera ut frå si tid. Av omsyn til publikum og fagmiljø vil det då i alle høve vera svært viktig at vi gjer bevisste og grunngevrne val, og dokumenterer vala for ettertida.

Tilfellet Stiklestadlåna har ikkje noko tilsvarande sidestykke i andre museum, så vidt eg kjenner til. Det finst eksempel på andre typar tilpassing av ein bygning til nye forteljingar, som Bosmålastova på Friluftsmuseet Kulturen i Lund i Sverige (Ingmarsson 2001, Hansen 2001). Der vart det i 1924 innkjøpt ein stovebygning frå midt på 1800-talet, med føremålet å innreia han til ein 1850-tals husmannsplass for

ein soldat, eit "soldattorp". Ved gjenreisinga på museet vart stova tilbakeført i tid, rominndelinga vart endra og innreiinga tilpassa den tida. Bygningens eigen historie og nære fortid var det inga interesse for å dokumentera og formidla. Men stova hadde aldri vore bustad for nokon soldat, og når det vart klart, vart ho planlagt inn i ein ny samanheng. Stova vart formidla som ein vanleg husmannsplass, Bosmålatorpet, og plasseringa i nærleiken av eit tilflytta gardsbruk, Blekingegården, vart utnytta for å fokusera på sosiale skilnader i det førindustrielle bondesamfunnet. Nyss har Bosmålastova vorte gjenstand for enno ei nytolking, no med grunnlag i husets historie rett før det kom på museum. Ei undersøking i 1965 hadde klarlagt kven som budde i huset mellom 1891 og 1921, og korleis huset då såg ut. Med grunnlag i denne og nyare undersøkingar er det no arbeid i gang med å få historia frå denne perioden fram igjen, med familien som budde der den gongen i sentrum. Ei einsleg mor med sju barn, Kristina, fekk i 1891, med hjelp frå det offentlege kjøpt plassen med stova, som vart heimen hennar fram til 1920. Bygningen får no tilbake rominndelinga frå den tida, og vert ominnreidd og møblert så nær mogeleg slik han var då. Kristinas "stuga" skal visa eit bit av Sveriges landsbygd i byrjinga av 1900, med den veksende arbeidarklassen, på terskelen til velferdssamfunnet (Ingmarsson 2001, Hansen 2001).

Historiane til Bosmålastova og Stiklestadlåna er samanfallande når det gjeld deira første år på museum. Bosmålastova vart skaffa til museet for å illudera eit soldattorp, Stiklestadlåna for å ha rolla som ein trøndersk "bondegård", noko som for begge sin del var eit godt stykke frå realiteten. Begge bygningane vart dessutan tilbakeførde til ei tid nær byggeåret, og sei-

nare tilkome påbygg og innreiing vart fjerna. Derimot kan ikkje nytolkingane i vår tid jamførast. Omtolkinga av Bosmålastova fylger eit prinsipp som sidan 1960–70-talet har vorte stendig vanlegare ved gjenreising av bygningar på museum: Både bygning og innreiing skal framstå slik det var rett før flyttinga til museet, og gjerne vert dei konkrete personane som budde der ein del av historia som museet fortel. Det dreiar seg om ein rekonstruksjon der den personlege historia står sentralt. Når det gjeld låna frå Stiklestad inneber nytolkinga ein konstruksjon, og endåtil ein konstruksjon av eit tidsbilete som denne låna ikkje har "opplevd". Det medfører at museet må tilføra bygningen bygningsmessige tilføyingar og endringar som aldri har vore der tidlegare. Sjølv om ominnreiinga bygger på kunnskap om andre tilsvarande bygningar frå den tidsbolken som bygningen skal gestalta, vert konsekvensen *nye* og dels *frammande* inngrep i museumsbygningen, sett ut frå bygningens historie. Dette er kjernepunktet i vurderingane om kravet til *vern* av, og omsynet til *formidling* av, den same museumsbygningen. Behovet for ei fornya formidling, for nye forteljingar, i ein museumsbygning må vurderast i samanheng med vurderingar av kva grader av vern bygningen bør ha.

I dagens museumsverd innser ein at bevaring av ein bygning, uendra som eit reint kulturminne på museet, berre er ei av fleire akseptable løysingar for museumsbygningar. Ominnreiing av ein bygning kan gjera det mogeleg å visa viktige bolkar av kulturhistoria, og då må bygningen tilpassast forteljinga for å understreka og få fram den bodskapen ein vil formidla. Dersom ei utstilling i friluftsmuseet ikkje lenger fungerer etter sitt opphavlege siktemål, eller om det ikkje er plass for formidling av nye og aktuelle problemstillingar, må ei full

ominnreiing av ein bygning kunna skje. Tilpassinga bør likevel gjerast på bygningens premissar, slik at han ikkje misser særmerke og eigenart. Formidlinga vil bli best når forteljing og ominnreiing av bygningen rettar seg tett inn mot ei eins problemstilling, og den fysiske utforminga støttar opp under forteljinga. Det må vera opning for å føreta nye utstillingsgrep og ominnreiingar i friluftsmuseet, elles vil det vera fare for at friluftsmuseet stivnar i ei form, og heller ikkje kan gje rom for nye problemstillingar. Som etnologen Morten Bing seier:

friluftsmuseet kan også ses som en utstilling – et medium – som formidler en poengtert fortelling, og som med jevne mellomrom må forandres for å gi rom for nye fortellinger (Bing 2004:117).

Det må ikkje vera naudsynt, og det let seg i praksis heller ikkje gjera, å flytta stendig fleire bygningar til museet for å kunna formidla ulike og viktige forteljingar. Ominnreiingar med respekt for bygningen bør vera med i ein heilskapstanke i høve til utvikling av friluftsmuseet. Det kan i somme høve også vera snakk om total ombygging av ein bygning. På den andre sida kan det vera nokre bygningar som bør få bli verande uendra, der det ikkje bør gjerast noko inngrep i det heile. Her må ein vurdera den enkelte bygnings verneverdi, målt opp mot vernekriteriar som vil vera aktuelle i museumssamanheng. Drøftingar omkring verneverdi har i hovudsak dreia seg om verneverdi i høve til bygningar og andre kulturminne som kulturminnevernet har ansvar for, og som dei aller fleste finst i sitt opphavlege miljø utanfor musea. Det har både i teoretiske analyser og i offentlege utgreiingar vore definert ei rekke, dels samanfallande, verneverdiar og delverdiar,

og sett av slike, for kulturminne utanfor musea (Myklebust 1981 og 2002, Pedersen 2000, Riksantikvaren 1987, Sætren 2000 m.fl.). Kvar og ein av desse verdiane representerar kriteriar for å kunna avgjera verneverdien av eit kulturminne.

Bygningar som er komne på museum, har fått vernestatus ved overføringa, om enn ikkje alltid verneverdien vart presisert eller nedfelt i skrift, og synet på verneverdien av ein bygning kan i mange tilfelle ha endra seg gjennom åra. Såleis vil det også på musea vera nyttig å ha definerte vernekriteriar med i vurderingar av verneverdien av ein bygning. Sett ut frå musea sine målsettingar vil mange av vernekriteriane frå kulturminnevernet også høva for vurdering av museumbygningar. I den samanhengen er det nokre som peikar seg ut, og som er mykje nytta i musea. Ein viktig verdi er *kjeldeverdi*: Bygningen kan vera ei kilde til kunnskap om ulike tilhøve i fortid eller samtid. *Opplevingsverdi* er også viktig: Bygningen kan gje gode høve til å formidla forteljingar. Vidare er bygningens *representativitetsverdi* ofte med i vurderingane, det same er *autentisitetensverdien*. Andre verdiar kan vera aktuelle for somme bygningar. Det som er viktig, er at museumsfolk er seg bevisste dei verdikriteriar som trengst under vurdering av verneverdien av museumsbygningar. Då vil det lata seg gjera å vurdera seg fram til ein differensiert "bruk" av bygningane i høve til ulike typar formidling, og grader av vern ut frå kva verneverdiar den enkelte bygningen innehar. Ei slik vurdering vil tydeleggjera korleis det bør vera eit skilje mellom bygningar som i seg sjølve er viktige eksempel på bygnings- og byggeskikkhistorie, der bygningen bør vera overordna innreiinga, og andre bygningar som lettare kan tåla tilpassing til ulike forteljingar og heimutstillingar. For det enkelte museum vil det vera nyttig å

drøfta seg fram til ein bruksplan for bygningane i friluftsmuseet, vurderer i kva grad endringar og inngrep kan tilråast for kvar og ein av dei, og kva bygningar som kan gjevast sterkare eller svakare vernestatus ut frå noverande skapnad og tilstand.

Låna frå Stiklestad – Nytolking

Låna frå Stiklestad er ikkje noko eintydig og enkelt tilfelle slik sett. Med sitt mangfaldige liv også før ho kom på museum – bygd av ein bonde, for så nesten straks å gå over til offiserar og seinare prestar. Heile tida etter året 1800 var det embetsfolk, og ikkje folk frå bondesamfunnet, som innreidde og brukte låna etter sine behov og sine normer. Fylgjeleg kom innreiing og bruk av romma på mange område til å skilja seg frå bøndernes buskikk. Men det var likevel nettopp *bøndens buskikk* i Trøndelag Norsk Folkemuseum ville visa i låna, og det endå til frå ei tid som låg så langt tilbake som først på 1800-talet.

Stiklestad prestegard anno 1919 skulle omskapast til ein ”bondegård” frå første delen av 1800. Eit lite minne frå dette planleggingsarbeidet finn vi i ein arbeidskopi av oppmålingsteikninga av førsteetasjens grunnplan, som er påført overskrifta ”Stiklestadgården”, og der romma likeeins har fått påskrive sine nye funksjonar i forhold til prestegardens rombruk.⁵ Naturleg nok er tilbygget frå ca. 1865 ikkje teke med på denne kopien. Museet gav tilbygget frå seg, endra romfunksjonane i resten av bygningen, og tok bort all seinare innvendig veggkledning og overflatebehandling – alt for å setja bygningen så nær som mogeleg tilbake til ein ”urtype” av låna på trønderske gardsbruk. Men etter så lang tid var noko av ”urtypen” utviska. Eksempelvis mangla peisen i rommet innafor hovudinngangen, som ut frå den tida sin buskikk

opphavleg må ha vore kjøkken, men som på slutten, før låna kom til museet, hadde funksjon som prestekontor. På 1880-talet var rommet i bruk til gjesterom, og hadde kanskje hatt enno andre funksjonar før det. Under oppsetjinga av låna på museet vart dette problemet løyst ved å mura opp ein kopi av ein kjøkkenpeis frå ei anna, alderdommeleg lån i bygda, og i museumsheimen Stiklestadlåna fekk kjøkkenet si opphavlege plassering tilbake.

Den eigenarta og utypiske historia til Stiklestadlåna, i høve til låner i bondeei, meiner eg medverkar til å legitimera ei nytolking av låna. På den andre sida veit eg at det ligg vurderingar og arbeid bak museets 1800-talsinnreiing. Låna i si noverande utforming er dessutan ein del av museums historia til Norsk Folkemuseum. Med lånas svært korte historie som bondebustad, og manglande kjeldegrunnlag frå denne korte perioden, måtte museets innreiing til ein ”bondegård” tidleg på 1800-talet bli ein konstruksjon. Ein føresetnad for å kunna visa trønderlånas ”urtype” med interiør var å tilpassa bygningskroppen for føremålet. Ved å samanlikna grunnplanane av låna, slik ho var før flyttinga, og slik ho vart sett opp att på museet, ser vi tydeleg skilnaden på lånas storleik, i rombruken og ikkje minst i talet på rom. Andre høgda av Stiklestadlåna har fleire rom enn det som var vanleg på gardsbruk kring 1800, noko som kan tyda på at dei opphavlege romma truleg har vorte inndelte i fleire mindre på eit seinare tidspunkt, kanskje samstundes med påbygginga i 1860-åra. Uvisst av kva grunn gjorde ikkje museet noko endring av rominndelinga i andre høgda då låna vart gjenreist. Men for ein 1950-tals situasjon vil det i alle høve vera riktig med ein andreetasje oppdelt i fleire rom. Når det gjeld Stiklestadlåna elles er det ein god del som ikkje er representativt for denne tida. Så vel

eigne undersøkingar som tidlegare nemnd litteratur om trønderlåner, viser at på 1950-talet hadde dei fleste lånene, gjennom påbygg i lengderetninga, fått fleire rom. Desse endringane hadde kome til gjennom dei føregåande hundre åra. Dei fleste lånene hadde også fått to inngangar, både hovudinngang og kjøkkeninngang, noko låna på Norsk Folkemuseum manglar.

Ideal og realitet

I samband med den planlagde ominnreiinga av Stiklestadlåna har det vore drøftingar på museet omkring ulike modellar for planløsning, for å finna fram til mogelege førebilete for ominnreiinga. Dei aktuelle modellane har, som tidlegare nemnt, grunnlag i feltarbeid, og i kjeldemateriale og faglitteratur om bygge- og buskikk i Trøndelag. Ideelt sett er det eit førsteyske å setja opp eit tilbygg tilsvarande det som vart fjerna ved flyttinga til Folkemuseet, eit elleve meter langt påbygg i lånas breidd. Men dette kan berre forbli ein ynskedraum. Sidan ei påbygging ville ha gjort det naudsynt å flytta heile bygningen fleire meter for å få plass i tunet, hadde kostnadane vorte alt for høge. På museet har vi likevel kome fram til nokre modellar med mogeleg akseptable løysingar for tilpassing av låna til 1950-åra. Dei gjev kjøkkenet ei anna plassering enn anno 1800, ut frå slik det var vanleg midt på 1900-talet, og er alt i alt meir i pakt med 50-talets buskikk. I valet mellom desse alternativa er det tenkt å gå inn for ein modell som har utgangspunkt i ei konkret lån. Stiklestadlåna kan tilpassast denne modellen, og vi ser det som mest riktig å nytta eit faktisk førebilete for ominnreiinga av låna.

Tilpassing av låna etter denne modellen, med førebilete i låna på ein gard i Verdal, vil når det gjeld planløysinga av sjølve byg-

ningen til ei viss grad kunna liknast med ein rekonstruksjon. Overflatebehandlinga og møbleringa vert ein rein konstruksjon, her blir grunnlaget dokumentasjon og opplysingar frå mange heimar. Naudsynte inngrep i bygningskonstruksjonen i høve til førebiletet dreiar seg om oppsetjing av ein delevegg i to av dei noverande romma. Desse vil kvar bli delt opp i to ”nye” rom; daglegstova til kammers og kjøkken, og langkammerset til spiskammers og gang. Til denne nye gangen, med dør til kjøkkenet, vil det bli sett inn ei ny inngangsdør, kjøkkeninngang, og frå gangen vert det bygd ei trapp opp til andrehøgda. Dessutan vil peisen i dagens kjøkken verta demontert, og rommet kjem til å bli innreia som kammers. Sidan peisen er ein kopi med førebilete frå ei anna lån meiner vi han må kunna fjernast. Originale bygningsdelar derimot kjem ikkje til å verta fjerna. Forutan desse meir omfattande endringane skal romma få ny veggklednad og overflatebehandling, og tidsriktig innreiing elles.

Vern og formidling

Planlegginga av ominnreiing av låna frå Stiklestad har tydeleg vist at for bygningar på museum kan formidling og vern koma i motsetning til einannan. Stiklestadlåna vil ikkje kunna gje ei truverdig formidling av 1950-talet ved berre å setja innbu frå den tida inn i bygningens noverande 1800-talsform, det må også nokre bygningstekniske inngrep til. Her er vi ved kjernen i ein av dei diskusjonar som eigenleg alltid er aktuelle i friluftsmusea; for ein og same bygning kan omsynet til vern av bygningen koma i konflikt med behovet for nytt innhald i formidlinga. Tilfellet Stiklestadlåna er ikkje noko sersyn i så måte. Innsyn i tidlegare museumstiders praksis og i dagens røyndom viser at det ikkje finst noka fasitløysing.

Når eit museum føretak slike endringar ligg det gjerne grundige drøftingar til grunn for vala som blir teke. Grunngevingane for desse vala bør nedfellast i skrift og dokumenterast for ettertida. Ved arbeid med nytolkingar av gamle museumsbygningar trengst det mest mogeleg kunnskap om bygningens historie, både før og etter han kom på museum, noko tilfellet Stiklestadlåna har synt. Historia til ein bygning vil også vera verdfull når bygningens verneverdi skal vurderast. I Stiklestadlåna sitt tilfelle vart det konkludert med at historia legitimerer ei nytolking, formidling av ei ny tid og ei ny forteljning, og konsekvensen av dette, fysisk tilpassing av bygningen.

Spørsmålet om i kva grad ein kan forsvara bygningstekniske tilpassingar i ein bygning som er komen på museum, heng saman med spørsmålet om korleis ei nær eller fjern fortid kan formidlast gjennom denne bygningen. Dette fordi idear om bestemte formidlingsmetodar eller behovet for nye formidlingsgrep, oftast vil vera årsak til tilpassinga. Skiftande formidlingsmetodar gjennom tidene har i større eller mindre grad lukkast i å gje publikum innsikt i den tida som skulle formidlast. Ein må berre vera medvitne om at utstillingar i ein museumsbygning frå ei fortid vert sett gjennom samtidas brillar, og ikkje med fortidas egne auger. Ein manglar den tidas referanserammer for å kunna tolka dette fortidsbiletet fullt ut. Musea viser mange slike bilete av ei lang fortid, utan at dei kan visa røyndomen slik han verkeleg var. Men ved gode formidlingsmetodar og gjennomtenkte tilpassingar av aktuelle bygningar, vil slike bilete likevel kunna gje ei forståing av utsnitt av fortida.

Noter

1. I 1943-44 vart stova flytta ut frå Trøndelagstunet og opp i bakkehellinga eit lite stykke unna tunet,

og det vart sett i gang innsamling av bygningar frå Trøndelag til bruk for oppbygging av ein husmannsplass på staden.

2. Opprop underteikna av dei som var til stades på skipingsmøtet 19. desember 1894, for "at anmode norske Mænd og Kvinder om Bidrag til NORSK FOLKEMUSEUM." Bilag til Hans Aall 1920: *Norsk Folkemuseum 1894-1919 – Trekk av dets historie.*
3. NEG 2005: Særemne nr. 48 – Hjemmeinnredning og boskikk i Trøndelag rundt 1950-tallet.
4. Begrepet *prosessuell autentisitet* er serleg nytta i kulturminnevernet.
5. Norsk Folkemuseums Bygningsarkiv: NF.051 – Hovedbygning fra Stiklestad Vestre, Verdal.

Litteratur

- Alsvik, Elling 1988. Låna som bolig. *Trønderlåna i fortid og fremtid : Utdrag av fire foredrag holdt 12. juni 1988.* UiT. Trondheim.
- Ambjörnsson, Ronny 1986. Ellen Key och det sköna livet. *Hem och bostad : Bostadsideologier i ett historiskt perspektiv.* Idéhistoriska skrifter, Institutionen för Idéhistoria, Umeå Universitet. Umeå.
- Berg, Arne 1972. Byggjeskikken i Stjørdal. *Stjørdalsboka bd. 1, del III.* Stjørdal.
- Berg, Arne 1974. Namdalslåna. Særtrykk av *Årbok for Namdalen.* Namsos.
- Bull, Lisen 1987. *Kulturminner fra nyere tid : Verneverdi og utvelgelseskriterier.* Informasjon fra Riksantikvaren bd. 3. Oslo.
- Bing, Morten 2004. Hjem på museum – Refleksjoner rundt innredninger i et friluftsmuseum. *By og Bygd XXXVIII : Museum i friluft.* Norsk Folkemuseum, Oslo.
- Christensen, Arne Lie 1995. *Den norske byggeskikken : hus og bolig på landsbygda fra middelalder til vår egen tid.* Oslo.
- Dahle, Kolbein, Grytli, Eir, Nilsen, Dag 2005. *Trønderlåna : Det midtnorske våningshuset.* Oslo.
- Halvorsen, Kari-B. Vold 1998. *Mitt bu, min heim : Buskikk og heimeinnreiding i Sogn*

- 1940–1995 : *Endring og kontinuitet*. Norsk Folkemuseum, Oslo.
- Hansen, Kjell 2001. Att skapa förgången verklighet. *Kulturen 2001 : Friluftsmuseet, Årbok för Kulturen i Lund*. Lund.
- Hegard, Tonte 1984. *Romantikk og fortidsvern : Historien om de første friluftsmuseene i Norge*. Universitetsforlaget, Oslo
- Hegard, Tonte 1994. *Hans Aall – mannen, visjonen og verket*. Oslo.
- Heggstad, Leiv 1930. *Gamalnorsk ordbok med nynorsk tyding*. Det Norsk Samlaget, Oslo.
- Hosar, Kåre 1998. Nye hus på Maihaugen : fra virkelige hjem til skapt virkelighet. ... *hjemme best. Maihaugen Årbok 1998*. Lillehammer.
- Hosar, Kåre 1998b. 1900-tallets boliger på Maihaugen. Roede, Bing, Johnsen (red.): *Slik vil vi bo : Hjem og bolig gjennom 500 år*. Rapport fra avslutningskonferanse for ”Menneske og bomiljø”. Oslo.
- Ingmarsson, Niklas 2001. Var ligger egentligen Bosmåla? *Kulturen 2001: Friluftsmuseet, Årbok för Kulturen i Lund*. Lund.
- Kirk, Frode 1998. Genskabelse af bygninger og miljøer på Frilandsmuseet. Skougaard, M., Nielsen, J. H. m.fl. (red.). *Bondegård og museum: Frilandsmuseernes teori og praksis*. København.
- Kjellberg, Reidar 1945. *Et halvt århundre : Norsk Folkemuseum 1894-1944*. Oslo.
- Myklebust, Dag 1981. Verditenkning : En arbeidsmåte i bygningsvern. *Årbok 1981 : Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring*. Oslo.
- Myklebust, Dag 2002. Kulturminnevernets begrunnelse – en pest eller rett og slett bare en plage? I: Seip, E. (red.). *Verneideologi – NIKU-seminar 4. februar og 25. april 2002*. Seminarrapport. Oslo.
- Noach, Kerstin Gjesdal 1988. Trønderlåna som bygningstype. *Trønderlåna i fortid og fremtid: Utdrag av fire foredrag holdt 12. juni 1988*. UiT. Trondheim.
- Norsk Folkemuseum 1921. *Aarsberetning 1920-21*.
- Norsk Folkemuseum 1927. *Aarsberetning 1826-27*.
- Pedersen, Ragnar 2000. Autentisitet og kulturminnevern : en diskusjon om kulturminnevernets verdigrunnlag. I: *Dugnad – Tidsskrift for etnologi. 1/2-2000*. Oslo.
- Pedersen, Tove Wefald 1998. Innredning av boliger i 1900-tallssamlingen. ... *hjemme best. Maihaugen Årbok 1998*. Lillehammer.
- Roede, Lars 2003. Kopi og original : flytting og autentisitet. I: Amundsen, Rogan, Stang (red.). *Museer i fortid og nåtid: essay i museums kunnskap*. Oslo.
- Rybczynski, Witold 1988. *Home: a short story of an idea*. London.
- Selseth, Nils Tore 1994. *Bruken av trønderlåna*. Hovedoppgave i etnologi, UiO. Oslo.
- Swensen, Grete 1998. Hjem anno 1998 : Tap, omstilling og tilpasning etter Gardermo-utbyggingen. I: Roede, Bing, Johnsen (red.). *Slik vil vi bo : Hjem og bolig gjennom 500 år*. Oslo.
- Sætren, Anne 2000. ”Bokføringa av våre nasjonale kulturverdier”: en analyse av fire bygningsfredningsaker frå Lom. *Dugnad. Tidsskrift for etnologi. 1/2-2000*. Oslo.
- Thorsen, Liv Emma 1993. *Det fleksible kjønn: Mentalitetsendringer i tre generasjoner bondekvinner 1920-1985*. Oslo.
- Thörn, Kerstin 1986. Den goda bostaden. *Hem och bostad: Bostadsideologier i ett historiskt perspektiv*. Idéhistoriska skrifter, Institutionen för Idéhistoria, Umeå Universitet. Umeå.
- Ågotnes, Hans-Jacob 2000. Vern, vitskap og samfunn : Om kulturvernet sine meningssamhangar. I: *Dugnad. Tidsskrift for etnologi. 1/2-2000*.
- Aall, Hans 1920. *Norsk Folkemuseum 1894-1919. Trekk av dets historie*. Kristiania.

Aasen, Ivar 1918. *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. 4. uforandrede Udg. Cammermeyers Forlag, Kristiania.

Andre kjelder

Norsk Folkemuseums bygningsarkiv: Korrespondanse, notat, skisser vedr. NF. 051 – Hovedbygning fra Stiklestad Vestre,

Verdal og NF.052 – Hus fra Hovde, Ørlandet.

Norsk Folkemuseums tegningsarkiv: Oppmålingstegninger (grunnplaner, snitt, eksteriører, detaljer) vedr. NF.051 – Hovedbygning fra Stiklestad Vestre, Verdal og NF.052 – Hus fra Hovde, Ørlandet.